

På overgriparjakt med tids-geografisk turistanalyse

Rolf Dahl
Avdeling for økonomi og språk

TITTEL På overgriparjakt med tids-geografisk turistanalyse	NOTATNR. 1/10	DATO Avslutta 11.02.2008 Publisert 01.06.2010
PROSJEKTTITTEL	TILGJENGE Open	TAL SIDER 16
FORFATTAR Rolf Dahl	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG	
OPPDRAGSGJEVAR	EMNEORD tids-geografisk analyse, reiseanalyse, ”Lommemann-saka”	
SAMANDRAG 6. januar 2008 la ei av nettavisene fram ei skjematisk framstilling av 157 tilfelle der politiet meiner at ”lommemannen” har vore i aktivitet. Denne vart lagt til grunn for tids-geografiske analyser av åtferda til overgriparen eller evt overgriparane. Dette notatet klargjer korleis tids-geografisk teori og metodar kan kaste lys over viktige spørsmål som vart reiste i samband med ein omfattande og langvarig politiinnsats for å avsløre kven det var som reiste rundt og misbrakte smågutar år etter år. Notatet tek opp spørsmål som: Kva ”aktivitetsnivå” er det tale om? Korleis kan vi måle aktivitetsnivået til ein slik aktør? Korleis varierer aktivitetsnivået over tid? Kva slags turar eller utflukter - ”reiser” - er det tale om? Korleis fordeler aktiviteten seg på dei ulike utfluktstypane? Er det mogleg å seie at lommemannen opererer frå ein ”base”? Kvar ligg basen? Har han bytta base? Burde han ha bytta base?		
PRIS	ISSN 0806-1696	ANSVARLEG SIGNATUR

Forord

6. januar 2008 kom eg, via ei av nettavisene, over ei skjematisk framstilling av 157 tilfelle der politiet meiner at "lommemannen" har vore i aktivitet, sjå <http://www.lommemannen-kripos.no/bilder/Saksoversikt.pdf>. Kl 2100 same kveld kunne eg lagre ei Excel-fil med dei same data, og etter det nytta eg ledig fritid, og må eg innrømme, litt arbeidstid, ein månads tid til å ta del i jakta på lovbrytaren, ved hjelp av tids-geografisk teori og metodar som eg har henta inn og vidareutvikla med sikte på bruk i tids-geografisk analyse av turiståtferd og turiststraumar.

Diverre, ville vel mange sagt, om dei var i gang med å sjå på saka med nye auge, vart "lommemannen" arrestert berre 4 dagar seinare (10. jan 2008), og heilt utan at nokon, så vidt eg veit, hadde fått sjå korleis saka tek seg ut frå ein tids-geografisk synsvinkel. Fleire som visste at eg hadde engasjert meg i saka svarte med skadefryd då dei forsto at eg vart for seint ferdig denne gongen også, men yngste sonen gliste godt då eg sa at eg ville prøve å avsløre han ein gong til, på min måte, med mine metodar, og utan at eg gjorde meg nytte av meir enn det som var kjend dagen før arrestasjonen. Eg ville kort og godt sjå kor langt det gjekk an å kome utan å kjenne fasiten. Det er sjølvsagt opp til den einskilde å vurdere nytta av eit slikt arbeid, særleg etter at det viktige problemet var løyst, men eg håpa at arbeidet kunne kome til nytte, i det vidare arbeidet med saka, og som døme på korleis denne metoden gjev andre impulsar enn meir utprøvde granskingsmetodar.

I dette notatet kjem eg først til å gjere greie for kva ein tids-geografisk analyse er, korleis han kan leggest opp - korleis eg legg han opp, før eg gjer greie for dei viktigaste funna eg gjorde i data pr 6. jan 2008. Så var det berre å vone at nokon fatta interesse for det som son nr to ikkje ville kalle etterforsking, berre *etterpåforskning*.

Eg sende notatet til etterforskarane utan å få respons, men eit år seinare tok eg kontakt med politioverbetjent Morten Ørn. Han var då blitt leiar for ei arbeidsgruppe som Riksadvokaten oppnemnte for å vurdere arbeidet til politiet i "lommemannsaka" og bad om å få notatet.

Arbeidsgruppa la 10. desember 2009 fram ei omfattande utgreiing med tittelen "Seksuelle overgrep – etterforskning og informasjonsutveksling" (<http://www.phs.no/no/Biblioteket/Anmeldinger/Evaluering-av-politets-etterforskning-og-informasjonsutveksling/>). Der har notatet fått brei og positiv omtale.

Det har ikkje akkurat vore noko renn etter kopiar det siste halvåret, men ettersom det er referert til notatet i eit offentleg dokument, blir det nå publisert i notatserien til høgskulen.

Sogndal, 1. juni 2010

Innleiing

Nokre spørsmål som kan bli belyst ved hjelp av tids-geografisk analyse

Kva "aktivitetsnivå" er det tale om? Korleis kan vi måle aktivitetsnivået til ein slik aktør? Korleis varierer aktivitetsnivået over tid?

Kva slags turar eller utflukter - "reiser" - er det tale om? Korleis fordeler aktiviteten seg på dei ulike utfluktstypene? Korleis tek dei ulike utfluktene seg ut i eit tid-stad-aktivitets-skjema? Korleis ville ulike omsyn gje seg utslag i ulike reise- og rutevalsmønster?

Er det mogleg å seie at lommemannen opererer frå ein "base"? Kvar ligg basen? Har han bytta base? Kan det tale om to eller fleire overgripingar? Er han "transportøkonomisk"? Gjer han fleire overgrep på kvar tur? Kor langt må han ha køyrd for å få med seg alle overgrepa? Kor mykje kunne han ha spara ved å ha to basar?

Litt om tids-geografiske metodar

Tids-geografiske tenkjesett og metodar har vorte nytta i mange ulike samanhengar gjennom snart 100 år, m a for å få betre oversyn over flyttemønster og kva som kan ligge bak variasjonar i dagleg reiseverksemd. Sjølv har eg prøvd å nytte metoden til kartlegging av kompleks reise- og aktivitetsåtferd på individnivå. Det er tale om detaljerte registreringar av kva utvald turistar gjer på eitkvart tidspunkt under ein tur eller eit tidsavgrensa opphald heime eller på ein feriestad. Eg har utvikla eit system for klassifikasjon av aktivitetar turistar har det med å nytte tid på, på eit detaljeringsnivå det er rimeleg å be om data på og som de er mogleg å finne data på, om ein baserer seg på granskingar av kommersielle turprogram. Det heile er vel meir pragmatisk enn det er prega av akademisk pregnans.

Å flytte på seg - å reise eller t d å køyre - er ein svært sentral turistaktivitet. Eg har utvikla eit opplegg for kartlegging av reiseaktivitet integrert i tidsnyttingskjemaet, med reisemåte, starttidspunkt, startstad, reisenodar, etappedistansar og etappetider. Dette resulterer i eit oversyn over reisa/turen som gjer det mogleg å sjå fleire sider ved åtferda enn berre registrerte aktivitetar, m a kva stader og attraksjonar som turisten har vore i nærleiken av, men ikkje besøkt. Vidare er det ganske lett å kalkulere kva køyre-, reise- og tidskostnader som er lagt ned i den einskilde turen.

Når ein ser mange dagsetappar, anten dei er frå same eller mange ulike turar eller personar, blir det mogleg å søke systematiske mønstre både i åtferd og i utnyttinga av dei reise- og opplevingstilboda som ligg føre. Til nå har eg jobba med data for mange turistar og søkt etter mønstre som kan seiast å vere allmenne innan bestemte turistsegment som t d rundreiseturistar med eigen bil. I dette tilfellet vil det vere tale om å nytte dei same teknikkane på eit materiale som omfattar mange turar/dagsetappar for ein og same mann, men det er ikkje utan vidare sikkert at han opptrer i det same åtferdssegmentet heile tida. Kanskje kan mitt bidrag til etterforskinga kome i form av nokre synspunkt på kva former for reise- og turiståtferd som kan ligge innbakt i registrerte aktivitetar knytt til lommemannen.

Alle som har prøvd å "rekne på tida" veit at det medfører andre problem enn t d det å rekne på pengar eller distansar og andre fysiske mål. Dette gjeld også når ein nyttar datahjelpemiddel som rekneark, men då kan ein også kome monaleg lettare frå mange oppgåver om ein lærar

seg nokre knep. Dato- og kalenderfunksjonar og tidsmålings- og klokkefunksjonar kan nyttast til å halde orden når fleire (mange) hendingar er spreidde over eit tidsrom og gje svar på spørsmål som kor ofte, kor lenge, kor stor del av den totale tida, ein person eller ei gruppe personar driver med ein aktivitet.

Nokre resultat

Kor aktiv er overgriparen? Korleis har aktivitetsnivået utvikla seg? Er det råd å finne sesongvariasjonar eller andre systematisk variasjonar i overgrepstala?

Det er lett å bli overvelda av det store talet overgrep mannen er skulda for, og den lange perioden han har fått vere aktiv, men om ein samanliknar overgrepa med meir normale seksuelle aktivitetar, eller for den del, ordinære reiseaktivitetar, trer det fram meir nyanserte bilete. Sjølv om det kanskje kan virke absurd har eg nytta høvetalet *overgrep pr måned* som uttrykk for **aktivitetsnivået** til overgriparen. Om vi reknar at aktivitetane starta 1. januar 1990 og at dei kunne ha heldt fram t o m desember 2007 er det tale om 18 år eller 196 månader. Det inneber at overgriparen har vore i aktivitet gjennomsnittleg 0,8 gongar pr måned i den aktuelle perioden. Aktivitetsnivået har variert mykje, frå 0 observerte overgrep pr måned i 135 månader til eit maksimum på 12 overgrep i juli 2003.

Overgrepstala varierer svært mykje over tid. Det går eit hovudskilje ved årtusenskiftet, med låg eller moderat intensitet (om ein kan bruke slike termar om alvorlege lovbrøt) og langt høgare intensitet dei fire første åra på 2000-talet. Så følja ei roleg periode i 2004-2005 og eit kraftig oppsving i første halvdel av 2006. Etter juli 2006 er det ikkje rapportert om overgrep med lommemann-signatur. Detaljar går fram av tabellen:


Overgrepstal i ulike perioder i 1990-2007						
periode	antal overgrep	intensitet	inaktive mnd	aktive mnd	mnd i alt	
90-åra	28	0,2	86	34	120	
2000-talet	129	1,3	49	47	96	
2000-2003	102	2,1	15	33	48	
2004-2005	9	0,4	16	8	24	
1. halvår 2006	18	3,0	1	6	7	
aug 2006-des 2007	0	0,0	18	0	18	

I slike tidsoversyn er det nesten like viktig å registrere at **ikkje** føregår aktivitetar som at det gjer det. Eg har talt opp månader utan overgrep i ulike periodar etter 1999 i tabellen over, men materialet syner at det har vore opphald i aktivitetane i fleire relativt lange periodar heilt frå 1990. Det er ganske umogleg for ein uinformert tilskodar å seie noko om kvifor det er så store variasjonar, men om ein har tilgang til informasjon om t d endringar i levkår og familietilhøve, flytting osv, vil det vere nærliggande å sjekke evt samvariasjonar med overgrepstala. Til slikt trengje ein kanskje meir presis datering, så eg har laga ein tabell som

syner seks ”lange” periodar på minst eitt år utan aktivitet i den observerte historia til lommemannen:

Lange "inaktive" perioder		
mnd.år	ca periode	antal mnd
11.90-01.92	91	15
02.92-08.93	92-93	16
09.93-02.95	94	18
06.97-08.98	97-98	15
10.03-09.04	03-04	12
08.06-12.07	06-07	18

Om desse døma på periodisk inndeling og bruk av tidsrelative aktivitetsmålingar verkar uklare, kan det vere lettare å sjå poenga om tilhøva blir framstilt grafisk. Igjen har eg gjort nytte av heile tidslina frå 1990 til 2007, med månader som teljeining, og overgrep pr måned som mål på aktivitetsnivå.



I mitt arbeid med tidsrekkeanalyse har eg aldri sett noko som liknar på dette. Ein ting er at tala dreier seg om ekstreme handlingar, noko heilt anna er at det dreier seg om eit løp med ekstreme variasjonar, frå 0 til uendeleg så å seie, frå ein snittverdi på to-tre overgrep i året det første tiåret til ein snittverdi på 25 overgrep pr år dei neste fire åra, før det kjem to relativt moderate år og eitt svært hektisk halvår før aktiviteten tek slutt, mellombels eller for godt?

Kan ein spore sesongvariasjonar i materialet?

I reiselivet er det svært vanleg med sterke svingingar i trafikken over året. Her er det nærliggande å stille spørsmålet om overgrepstala også er påverka av årstider, ferieperiodar osv. Det kan vi få eit inntrykk av ved å telle opp overgrep måned for måned for heile perioden på 18 år:

Registrerte overgrep fordelt på månadene				
Hovudfase:	Før 2000	F o m 2000	Alle	Alle
månad:	antal	antal	antal	andel
jan	4	12	16	10,2 %
feb	2	7	9	5,7 %
mar	3	11	14	8,9 %
apr	2	9	11	7,0 %
mai	3	14	17	10,8 %
jun	0	4	4	2,5 %
jul	1	21	22	14,0 %
aug	2	8	10	6,4 %
sep	1	15	16	10,2 %
okt	3	9	12	7,6 %
nov	6	15	21	13,4 %
des	2	3	5	3,2 %
sum	29	128	157	100,0 %

Tala syner relativt store avvik mellom enkeltmånadene, men det er ikkje så systematisk at vi kan snakke om noko sesongmønster. Fleire av avvika er påverka av enkelttilfelle med store overgrepstal medan same månad i år etter år ikkje skil seg frå ”normalmånaden”. Faktisk er det slik at eit maskinelt søk etter sesongsvingingar kjem ut med den konklusjonen at tidsrekka ikkje inneheld nokon sesongkomponent. Overgrepsmønsteret er altså ikkje påverka av årstider, klimavariasjonar eller ferieavviklinga i landet i så stor grad at det slår ut statistisk. Dermed får overgrepsskurva ei form som kan tyde på at overgrepstala heng meir saman med heimelivet enn med ferielivet, men at det kan sjå ut til at overgriparen ikkje har særleg store avvik mellom arbeidsperiodar og ferieperiodar.

Månadsstatistikk for overgrep i "lommemannssaka"										
Fase	1990-1999				2000-2007				0-månader år (av 8)	
	overgrep pr måned				overgrep pr måned					
månad	Typetall	Median	Gjennomsnitt	Maksimum	0-månader år (av 10)	Typetall	Median	Gjennomsnitt	Maksimum	
jan	0	0	0,4	2	7	0	0,5	1,5	5	4
feb	0	0	0,2	1	8	0	0	0,9	3	5
mar	0	0	0,3	1	7	0	1,5	1,4	3	3
apr	0	0	0,2	1	8	0	0	1,3	6	6
mai	0	0	0,3	1	7	0	1	1,8	8	3
jun	0	0	0	0	10	0	0	0,5	2	5
jul	0	0	0,1	1	9	2	2	2,6	12	2
aug	0	0	0,2	1	8	0	1	1,0	3	3
sep	0	0	0,1	1	9	0	1	1,9	7	3
okt	0	0	0,3	2	8	0	0	1,1	4	5
nov	0	0	0,6	4	8	0	0,5	1,9	7	4
des	0	0	0,2	2	9	0	0	0,4	2	6

Er overgrepsmønsteret prega av heiltids- eller deltidsengasjement?

Tidsbruksmåling og tids-geografiske studiar gjer det mogleg å avdekke systematiske variasjonar i aktivitetsmønsteret over dagen/døgeret og/eller over vekedagane. Dette resulterer i klassifisering av nokre aktivitetar som daglege, andre som fritidsaktivitetar og atter andre som ferieaktivitetar. Om ein, slik tilfellet er her, har informasjon om dato og klokkeslett for ulike aktivitetar (eller fleire tilfelle av same aktivitet), er det ein enkel sak å organisere materialet slik at ein kan kaste lys over kva aktivitet(ar) det er tale om, reint tidsmessig.

147 av 157 registrerte overgrep er eintydig daterte og let seg fordele på vekedagane. Resultatet går fram av denne tabellen:

Registrerte overgrep fordelt på vekedagane					
Hovudfase:	Før 2000	F o m 2000	Alle	Alle	
vekedag:	antal	antal	antal	andel	
måndag	5	4	9	6,1 %	
tysdag	2	6	8	5,4 %	
onsdag	1	10	11	7,5 %	
torsdag	6	11	17	11,6 %	
fredag	5	32	37	25,2 %	
laurdag	6	47	53	36,1 %	
søndag	3	9	12	8,2 %	
alle	28	119	147	100,0 %	

Det syner seg altså at heile 70% av overgrepa var weekendaktivitetar (om vi tek fredag som w-e-dag), men biletet av ein **fritidsaktivitet** blir enda klarare om vi dreg inn klokkeslettet for overgrepa:

Registrerte overgrep fordelt på vekedagar og tider				
Hovudfase:	Før 2000	F o m 2000	Alle	
veketid:	%	%	%	
arbeidsdagar før 1600	13,6 %	11,5 %	11,9 %	
arbeidsdagar etter 1600	27,3 %	16,7 %	18,6 %	
fredagar etter 1600	18,2 %	22,9 %	22,0 %	
laurdagar før 1600	13,6 %	20,8 %	19,5 %	
laurdagar etter 1600	13,6 %	19,8 %	18,6 %	
søndagar	13,6 %	8,3 %	9,3 %	
I arbeidstida	13,6 %	11,5 %	11,9 %	
I fritida på vekedagane	27,3 %	16,7 %	18,6 %	
I weekenden	59,1 %	71,9 %	69,5 %	
sum	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
antal (n)	22	96	118	

Her er talet på observasjonar som kan nyttast redusert til 118 p g a at det manglar tilstrekkeleg presist tidspunkt for omlag 30 overgrep (i tillegg er altså 10 overgrep registrert med ca dato).

Klassifiseringa er heilt pragmatisk og, vil eg tru, sjølvforklarande. Tala styrkar inntrykket av at overgrepa er ein fritidsaktivitet. Det inneber også klare indikasjonar på at overgriparen er i arbeid, at han har, eller i det minste let som han har, ei **arbeidstid**.

Kva utfluktstypar nyttar han?

På same måte som ein mann gjer mange ulike reisetypar i løpet av ei veke, ein månad eller eit år, er det ganske tydeleg at lommemannen er ute på ulike "raid"/reiser med sikte på (m a?) å kome i kontakt med moglege ofre. Det ligg ikkje føre så mykje informasjon at ein kan gjere meir enn å konstruere nokre utfluktskategoriar basert på når dei skjer, kor lenge dei varer og kor langt frå heimen eller ein annan "base" overgrepet skjer. Eg har ingen problem med å innsjå at det er tale om både spekulativ og pragmatisk "teoribygging", men likevel noko å halde seg til, eit system for å få fram eit meir heilskapleg bilete av åtferdsmønsteret til overgriparen.

Eg har vald å nytte følgjande åtferdstypar:

- **Eit raskt, og overlagt/målretta?, "raid" i nærmiljøet**, så trygt tilbake i basen i løpet av nokre minutt, lenge før offeret har kome seg heim og/eller slege alarm

Så lenge ein ikkje veit kvar basen er lokalisert er det uråd å seie noko sikkert om kor mange slike tilfelle ein kan finne i overgrepsoversynet, men det er truleg ganske få. Både i Bergen/Bergensområdet og i Oslo/Osloområdet er det så stor spreiding i gjerningsstadene at det ikkje kan ligge minutt frå ein og same base. Dessutan vil risikoen for å bli gjenkjend i heimlege trakter føre til at overgriparen ser seg tent med å reise (litt) lengre vekk.

- **Ein kveldstur, overlagt og målretta?**, innan 30 min reisetid med kollektivtransport eller eige køyretøy. Heile operasjonen tek kanskje berre ein time og overgriparen kan vere trygt tilbake i basen før nokon har rukke å slå alarm
- **Ein dags- eller helgetur i regionen 1-4 time køyretid kvar veg** (med eigen bil, buss eller tog) gjer overgrep på veg ut, tidleg på fredag ettermiddag eller laurdag føremiddag, er truleg over alle haugar før offeret rekk å slå alarm, til overnatting og evt andre opplevingar ein heilt annan plass, eller på god veg tilbake til basen i byen
- **Ein langtur ut av bustadregionen, ofte utanfor allfarveg, i det minste utanfor vanlege turistruter og turistsesongar**. Overgrepa skjer mest truleg på veg til eller frå den eigentlege destinasjonen, men det kan ligge føre tilfelle der overgriparen har avslutta eit godt "besøk" med eit framstøyt mot ein liten gut som er så uheldig å vere på feil stad på eit farleg tidspunkt.

Her er det igjen eit problem at vi ikkje kan vite sikkert kvar overgriparen har hatt base. Om vi går ut frå at han har budd i Bergen på 1990-talet kan vi truleg gå ut frå at alle overgrep som er gjort i Bergensområdet er av type 2 (**kveldstur, overlagt og målretta**, innan 30 min reisetid frå basen. Når det gjeld overgrepa som er gjennomførte i Oslo-området, vil det vere tale om mange overgrep av same type, om vi går ut frå at han budde i hovudstaden i tre kritiske periodar. Alternativt, om vi går ut frå at overgriparen har budd i Bergen heile tida, vil overgrepa i Oslo og elles i Austlandsområdet vere av type 5 (**langtur ut av bustadregionen**). Dette inneber altså at han har bytta aksjonsform både radikalt og konsekvent, med jamne mellomrom.

Alternativt kan vi gå ut frå at overgriparen har flytta til Oslo og helde fram med same aksjonsmønster som det han nytta i Bergen. Då må han ha budd i Oslo i tre periodar:

Overgrep gruppert etter "basefase" og fordelt på gjerningsstader								
"basefase"	1	2	3	4	5	6	7	Alle
periode (mm.åå)	10.90-2.95	3.95-11.95	11.95-5.97	5.97-1.99	1.99-2.00	3.00-6.03	f o m 7.03	
sannsynleg base	Bergen	Oslo	Bergen	Oslo	Bergen	Oslo	?????	
Gjerningsstad:								
Oslo	0	3	2**	2	0	25	2	34
Bergen	5	0	7	0	7	0	0	19
Andre stader	1*	1*	0	0	1*	58	43	104
Sum	6	4	9	2	8	83	45	157
merknader:								
	* Etne aug 93	Moss mai 95				Norheimsund juli 99		
	**		Begge 08.01.96					

Når vi ser på data for perioden etter 2000 er det er ingen tvil om at han endra taktikk. Det må han må ha gjort anten han budde i Bergen eller Oslo: Om han framleis budde/hadde base i Bergen må han ha gjort **alle** overgrep meir enn 100 km frå basen (eit overgrep, i Høyanger er det næraste, 130 km frå Bergen). Om han hadde tilhald i Oslo frå mars 2000, vil 31 av overgrepa ligge innan ein radius på 20 km av ein tenkt base på t d Grunerløkka, men også frå denne basen vil omlag 65 overgrep ligge **utanfor** ein sirkel på 100 km:

Gjerningsstader fordelt etter distanse til tenkte basar i Bergen og Oslo						
Fase	Før 2000		F o m 2000		Begge fasar	
	Distansar frå			Distansar frå		
	skiftande basar	Distansar frå Bergen	Distansar frå Oslo	Distansar frå Bergen	skiftande basar	Distansar frå Bergen
Distanse frå base	antal brotsv	antal brotsv	antal brotsv	antal brotsv	antal brotsv	antal brotsv
lokal 0-19 km	24	19	31	0	55	19
nærregion 20-99 km	2	1	33	0	35	1
regional 100-249 km	0	0	32	14	32	14
regional 250-499 km	3	8	18	92	21	100
interregional >500 km	0	1	14	22	14	23
alle	29	29	128	128	157	157

Om ein skulle våge seg på ein konklusjon må det vel bli aktiviteten på 1990-talet er såpass avgrensa at det ikkje har vore særleg krevjande å gjennomføre (reise-)”programmet” frå Bergen, men gjennomføringa av fase 6 må ha vore så krevjande sjølv frå ein ”optimal” base i Oslo, at det er vanskeleg å tenkje seg at Bergen kan ha vore permanent base.

Er lommemannen "transportøkonomisk"?

For å kaste ytterlegare lys over spørsmålet om base/basar og aksjonsmønster har eg sett litt

Fleirovergrepsturar			
Første overgrep			
dato	stad	antal ovg på tur	veketid
09.11.1995	Bjølsen	2	kvardag før 1600
08.01.1996	Majorstua	2	kvardag før 1t
10.02.2001	Veitvet	2	Laurdag etter 1600
11.05.2001	Snarøya	2	kvardag før 1600
08.09.2001	Moss	3	Laurdag etter 1600
21.09.2001	Sanderstølen	2	Laurdag
05.10.2001	Leira	3	fredag etter 1600
20.11.2001	Billingsstad	5	kvardag etter 1600
20.03.2002	Furuset	2	kvardag etter 1600
14.11.2002	Årvoll	5	kvardag før 1600
17.01.2003	Randaberg	2	kvardag før 1600
26.04.2003	Nittedal	2	Laurdag før 1600
10.05.2003	Røyken	2	Søndag
04.07.2003	Gol	5	fredag etter 1600
11.07.2003	Hovden	2	Laurdag
19.07.2003	Geilo	2	Laurdag før 1600
25.07.2003	Sarpsborg	3	Laurdag
05.09.2003	Lom	5	fredag etter 1600
27.01.2006	Bø	2	fredag etter 1600
28.01.2006	Hønefoss	2	Laurdag før 1600
11.04.2006	Batnfjordsøra	2	Onsdag
14.07.2006	Skjolden	2	fredag etter 1600
22		59	

nærare på dei køyrelengdene som må ligge til grunn for at ein og same overgripar kan stå bak dei 157 lovbrota, anten han har vore busett i Bergen heile tida eller han har hatt base i Oslo i delar av tida. Reiselengdene er sjølvsagt veldig avhengige av at basen er "optimal", men det er også ganske klart at overgriparen ikkje har vore heimom mellom alle overgrepa. Kor mange av dei melde lovbrota som eigentleg er nesta saman til rundreiser i seksualovergrep er eit ope spørsmål, men eg meiner å ha kome ganske nær eit rett siffer når eg har leita

fram 22 *fleirovergrepsturar* med til saman 59 av dei 157 overgrepa (jfr tabell)

Dette **turregisteret** omfattar alle turarar som inneheld meir enn eitt overgrep. Berre første overgrep er spesifisert med dato, gjerningsstad og "veketid", men "antal overgrep" syner det totale tal overgrep som kan knytast til den einskilde reisa.

Det kan virke spekulativt å stipulere åtferd og organisering av seriebrotsverk på basis av geografisk lokalisering, tidspunkt på dagen, i veka og i året når ein ikkje ein gong veit kvar gjerningsmannen oppheld seg mellom brotsverka. I nokre tilfelle (omkring 20 gonger) kjem overgrepa så tett i tid og ligg så langt frå Bergen (base 1) og Oslo (mogleg base 2) at det er nærliggande å tru at dei skjer på same "utflukta". I desse tilfella er det meir realistisk å stipulere både reise- og aktivitetsmønstra. Det ein kan gjere er å rekonstruere eit reiseopplegg som mellom vald base og første overgrep, evt også mellom overgrepsstadene, om det er tale om fleire, for så å rekonstruere ei realistisk reiserute mellom staden for det siste overgrepet på turneen og "heimstaden"/den valde basen. Ingen kan vite heilt sikkert korleis gjerningsmannen går fram når han planlegg utfluktene sine, men det kan sjå ut til at han likar å variere. Overgrepsmønsteret tyder på at han gjer seg gjeldane i eit dalføre på fredag og eit anna på laurdag og/eller ein sjeldan gong på søndag. Eg er freista til å påstå at han nyttar seg av den vanlege ruta over Hardangervidda på veg austover og E-16 over Filefjell på veg heim,

kan hende fordi dette sambandet er ferjefritt og følgeleg utan pirrande trafikkorkar og tvungne stopp i rettetten.

Når ein har klarlagt dei naudsynte køyrerutene har ein også eit godt grunnlag for ei svært realistisk stipulering av tidsnyttinga under turen. Om vi føreset at lommemannen treng litt tid for å rekognosere før overgrepet og litt tid til å restituere etterpå, gjer vi neppe store feil om vi går ut frå at han ikkje oppheld seg lenger enn absolutt naudsynt på gjerningsstaden. Det inneber at kan kjem fram, sei, ein time før overgrepet (eller at gjer overgrepet innan ein time etter at han har stoppa ein plass) og at han stikk av så fort det let seg gjere etter utført overgrep.

Eit døme på ”langtur”: Bergen (føresetnad)-Ottadalen-Trondheim-Bergen 5.-7. sept 2003.

Stipulert "Lommemann"-tur til Ottadalen og Trondheim 5.-7. sept. 2003											
Politidistrikt	Stad	Dato	vekedag	obs tider	stip tider	aktivitet	Stad	Tilstad	distanse km	etappetid tt:mm	
		05.09.2003	Fredag		08:15	køyre	Bergen	Lærdal	210	03:20	
		05.09.2003	Fredag		11:35	køyre	Lærdal	Fodnes	10	00:10	
		05.09.2003	Fredag		11:45	vente	Fodnes			00:15	
		05.09.2003	Fredag		12:00	ferje	Fodnes	Mannhiller		00:15	
		05.09.2003	Fredag		12:15	køyre	Manhiller	Sogndal	20	00:15	
		05.09.2003	Fredag		12:30	kvile/ete	Sogndal			01:00	
		05.09.2003	Fredag		13:30	køyre	Sogndal	Skjolden	50	01:00	
		05.09.2003	Fredag		14:30	køyre	Skjolden	Lom	80	01:30	
		05.09.2003	Fredag		16:00	planlegge	Lom			02:30	
Gudbrandsdal	Lom	05.09.2003	Fredag	18:30	18:30	overgripe	Lom			00:15	observasjon
		05.09.2003	Fredag		18:45	køyre	Lom	Dombås (t d)	75	01:15	
		05.09.2003	Fredag		20:00	kvile/sove	Dombås			12:00	
		06.09.2003	Lørdag		08:00	køyre	Dombås	Trondheim	205	03:30	
		06.09.2003	Lørdag		11:30	planlegge	Stubbanvegen			01:00	
Sør-Trøndelag	Trondheim	06.09.2003	Lørdag	12:30	12:30	overgripe	Stubbanvegen			00:15	observasjon
		06.09.2003	Lørdag		12:45	køyre	Stubbanvegen	Romolslia	4	00:05	
		06.09.2003	Lørdag		12:50	restituere/planlegge	Romolslia			01:10	
Sør-Trøndelag	Trondheim	06.09.2003	Lørdag	????	14:00	overgripe	Romolslia			00:15	observasjon (stip tid)
		06.09.2003	Lørdag		14:15	gå?	Romolslia	Storflata	1	00:05	
		06.09.2003	Lørdag		14:20	restituere/planlegge	Storflata			01:10	
Sør-Trøndelag	Trondheim	06.09.2003	Lørdag	15:30	15:30	overgripe	Storflata			00:15	observasjon
		06.09.2003	Lørdag		15:45	køyre	Storflata	Heimdal	4	00:05	
		06.09.2003	Lørdag		15:50	restituere/planlegge	Heimdal			00:25	
Sør-Trøndelag	Trondheim	06.09.2003	Lørdag	16:15	16:15	overgripe	Heimdal			00:15	observasjon
		06.09.2003	Lørdag		16:30	køyre	Heimdal	Sel	230	03:30	
		06.09.2003	Lørdag		20:00	køyre	Sel	Vågå	40	00:45	
		06.09.2003	Lørdag		20:45	køyre	Vågå	Ryfoss	120	02:00	
		06.09.2003	Lørdag		22:45	køyre	Ryfoss	Bergen	300	04:45	
		07.09.2003	Søndag		03:30	framkome	Bergen				

Her er det gjort greie for alle naudsynte flyttingar og all tidsbruk mellom seinast moglege avreise frå basen og tidlegaste heimkome til same. Det kan godt tenkast at lommemannen har gjort meir enn å reise til Lom før han forgrip seg der og/eller at han tek seg betre tid på heimvegen enn å køyre i eitt frå Trondheim til Bergen, men mellom kl 1800 i Lom 5. sept 2003 og kl 1615 i Heimdal, Trondheim dagen etter, rakk han ikkje særleg mykje meir enn å gjennomføre serieovergrep mot heile 5 gutar. Det skulle gå klart fram av tidsskjemaet eg har stipulert. Elles er det grunn til å merke seg at stipuleringane syner at overgrepet i Romolslia mest truleg skjedde rundt kl 1400, etter Stubbanvegen og før Storflata, om det skulle vere av interesse for nokon. Eit siste poeng er at denne turen synest å vere finalen i den mest aktive perioden i overgrepshistoria til lommemannen. Det går faktisk meir enn eit år før han forgrip seg att, om vi skal bygge på innrapporterte overgrep.

Vedlegg 1 omfattar tid-stad-aktivtets-oversyn over fire andre langturar med meir enn ein gjerningsstad, alle henta frå den hyperaktive perioden i juli 2003 då det ser ut til at lommemannen var på raid fire helger på rad. Ser vi aktivitetane samla syner det seg at lommemannen i tillegg til desse 5 turane har hatt 7 fleirbrotsturar til/i Oslo og 9 fleirbrotsturar til andre stader, til saman 22 slike turar. Heile 59 av overgrepa er gjennomført på desse turane. Dei andre omlag 80 registrerte overgrepa som kan tidfestast tilstrekkeleg presist, ser ut til å

vere gjennomført på egne turar. Halvparten av desse ligg i Osloområdet eller mindre enn 100 km frå Oslo.

For å kaste lys over reiseaktivitetane knytte til overgrepsserien har eg rekna på alle turane som ser ut til å ha vore naudsynte, anten utgangspunktet har vore Bergen eller ein "optimal" kombinasjon av Bergen og Oslo. Det er som nemnt tale omkring 110 turar, men berre omlag 100 av dei er tilstrekkeleg daterte til at dei kan inngå i reknestykket.

Køyrelengder tur/retur pr år om vi føreset				
år	base i Bergen km/år	"optimal deling"	differanse	tal brotsverk
		mellom Bergen og Oslo km/år	Bergen - optimal deling km/år	
1990	20	20	0	1
1992	60	60	0	3
1993	500	500	0	1
1995	2940	280	2660	9
1996	960	960	0	4
1997	940	40	900	2
1998	920	20	900	1
1999	300	160	140	8
2000	6980	1220	5760	10
2001	14940	2340	12600	27
2002	16160	6755	9405	25
2003	18585	8130	10455	40
2004	1480	1260	220	2
2005	4540	3290	1250	7
2006	10900	7590	3310	17
Total	80225	32625	47600	157

Innan kva periodar hadde det vore optimalt å bytta base?

Med dei sterke indikasjonane vi har på at lommemannen har budd vekselvis i Bergen og Oslo, kunne ein tenkje seg at han har meldt flytting til eit eller fleire kunderegister inntil seks gonger. Somme av dei er det tale om svært korte intervall mellom overgrep i begge byane:

"Lommemannen" kan ha bytta base (i Bergen og Oslo) 6 gonger etter 1990:			
Truleg byttetidspunkt	frå	til	ant dagar
frå Bergen til Oslo i perioden	05.02.1995	03.03.1995	28
frå Oslo til Bergen i perioden	10.11.1995	16.11.1995	6
frå Bergen til Oslo i perioden	05.04.1997	04.05.1997	29
frå Oslo til Bergen i perioden	12.09.1998	04.01.1999	112
frå Bergen til Oslo i perioden	05.11.1999	01.03.2000	116
frå Oslo til Bergen i perioden	31.05.2003	30.06.2003	30

Kva yrkesdagsdatoar er det realistisk å vente at ein kan finne spor etter "lommemannen" i Osloområdet?

Det har kome fram påstandar om at overgriparen har kombinert kontakt med leverandørar i Osloområdet med helgeturar og overgrep undervegs. I slike tilfelle burde det vere enkelt å avdekke t.d. henting av varer og/eller avtalte møter, ut frå "bøkene" både hjå kjøpar og seljar. I **vedlegg 3** har eg lista opp omlag 50 turar som kan omfatte forretningskontakt i Oslo-området.

Vedlegg 1: Tid-stad-aktivitets-oversyn over 4 helgeturar i juli 2003. Alle føreset base i Bergen

Tur	Politidistrikt	Stad	Dato	Vekedag	Klokkeslett	Stip klokkeslett	aktivitet	Stad	Tilstad	distanse	etappetid
Tur 1		Bergen	04.07.2003	Fredag		13:00	køyre	Bergen	Gol	275	5:00:00
			04.07.2003	Fredag		18:00	planlegge	Gol			2:00:00
	BuskerudN	Gol	04.07.2003	Fredag	20:00	20:00	overgripe	Gol			0:30:00
			04.07.2003	Fredag		20:30	køyre	Gol	?????	100	1:30:00
	Telemark	Langesund	04.07.2003	Fredag		22:00	kvile/sove	?????			11:00:00
			05.07.2003	Lørdag		09:00	køyre	?????	Langesund	170	3:00:00
			05.07.2003	Lørdag		12:00	planlegge	Langesund			2:30:00
			05.07.2003	Lørdag	14:30	14:30	overgripe	Langesund			0:30:00
			05.07.2003	Lørdag		15:00	restituere	Langesund			1:00:00
			05.07.2003	Lørdag	????	16:00	overgripe	Langesund			0:30:00
	Telemark	Langesund	05.07.2003	Lørdag		16:30	køyre	Langesund	Lillesand	135	2:00:00
			05.07.2003	Lørdag		18:30	planlegge	Lillesand			3:30:00
	Agder	Lillesand	05.07.2003	Lørdag	22:00	22:00	overgripe	Lillesand			0:30:00
			05.07.2003	Lørdag		22:30	køyre	Lillesand	?????	100	1:30:00
			06.07.2003	Søndag		00:00	sove	?????			10:00:00
			06.07.2003	Søndag		10:00	køyre	?????	Bergen	358	10:00:00
			06.07.2003	Søndag		20:00	ankomst	Bergen			
								sum tur	1138	55:00:00	
Tur 2			11.07.2003	Fredag		11:00	køyre	Bergen	Odda	160	3:30:00
			11.07.2003	Fredag		14:30	køyre	Odda	Haukeliseter	96	1:30:00
			11.07.2003	Fredag		16:00	køyre	Haukeliseter	Hovden	24	0:30:00
			11.07.2003	Fredag		16:30	planlegge	Hovden			2:00:00
			11.07.2003	Fredag	?????	18:30	overgripe	Hovden			0:30:00
			11.07.2003	Fredag		19:00	køyre	Hovden	?????	50	1:00:00
			11.07.2003	Fredag		20:00	kvile/sove	?????			11:00:00
			12.07.2003	Laurdag		07:00	køyre	?????	Kristiansand	155	2:30:00
			12.07.2003	Laurdag		09:30	planlegge	Kristiansand			2:12:00
			12.07.2003	Laurdag	11:42	11:42	overgripe	Kristiansand			0:18:00
			12.07.2003	Laurdag		12:00	køyre	Kristiansand	Bergen	428	11:00:00 inkl ferjer og pauser
			12.07.2003	Laurdag		23:00	ankomst	Bergen			
								sum tur	913	36:00:00	
Tur 3			18.07.2003	Fredag		18:00	køyre	Bergen	?????	100	2:00:00
			18.07.2003	Fredag		20:00	kvile/sove	?????			12:00:00
			19.07.2003	Lørdag		08:00	køyre	?????	Geilo	120	2:20:00
			19.07.2003	Lørdag		10:20	planlegge	Geilo			3:10:00
			19.07.2003	Lørdag	13:30	13:30	overgripe	Geilo			0:15:00
			19.07.2003	Lørdag		13:45	køyre	Geilo	Storefjell	70	1:00:00
			19.07.2003	Lørdag		14:45	planlegge	Storefjell			0:15:00
			19.07.2003	Lørdag	14:00	15:00	overgripe	Storefjell			0:15:00
			19.07.2003	Lørdag		15:15	køyre	Storefjell	Leira	60	1:00:00
			19.07.2003	Lørdag		16:15	køyre	Leira	Bergen	338	5:00:00 ferjefritt!
19.07.2003	Lørdag		21:15	ankomst	Bergen						
								sum tur	688	27:15:00	
Tur 4	210 eller Rv7+E6/E6+Rv4+Rv34+Rv33+E16		25.07.2003	Fredag		08:00	køyre	Bergen	Oslo	460	6:30:00
			25.07.2003	Fredag		14:30	køyre	Oslo	Sarpsborg	90	1:30:00
			25.07.2003	Fredag		16:00	planlegge	Sarpsborg			2:00:00
			25.07.2003	Fredag	?????	18:00	overgripe	Sarpsborg			0:15:00
			25.07.2003	Fredag		18:15	restituere	Sarpsborg			1:00:00
			25.07.2003	Fredag	?????	19:15	overgripe	Sarpsborg			0:15:00
			25.07.2003	Fredag		19:30	køyre	Sarpsborg	?????	50	1:00:00
			26.07.2003	Lørdag		20:30	kvile/sove	?????			21:00:00
			26.07.2003	Lørdag		17:30	køyre	?????	Skjetten	50	1:00:00
			26.07.2003	Lørdag		18:30	planlegge	Skjetten			1:00:00
			26.07.2003	Lørdag	19:20	19:30	overgripe	Skjetten			0:30:00
			26.07.2003	Lørdag		20:00	køyre	Skjetten	?????	70	1:00:00 rv4
			26.07.2003	Lørdag		21:00	kvile/sove	?????			11:00:00
			27.07.2003	Søndag		08:00	køyre	?????	Bjørge	100	1:30:00 rv34+rv33
			27.07.2003	Søndag		09:30	køyre	Bjørge	Bergen	350	5:30:00 E16 ferjefritt
			27.07.2003	Søndag		15:00	ankomst	Bergen			
								sum tur	1170	55:00:00	

Vedlegg 2 Køyrelengder pr måned 1990-2006

Køyrelengder pr måned og år under føretsetnad av				
årmånad	"optimal deling" mellom Bergen og Oslo		differanse Bergen - optimal deling	
	base i Bergen km/månad	base i Oslo km/månad	km/månad	km/månad
199010	20	20	0	1
199201	20	20	0	1
199203	20	20	0	1
199204	20	20	0	1
199308	500	500	0	1
199502	20	20	0	1
199503	920	20	900	1
199505	1000	120	880	1
199511	960	80	880	4
199512	40	40	0	2
199601	920	920	0	2
199603	20	20	0	1
199605	20	20	0	1
199704	20	20	0	1
199705	920	20	900	1
199809	920	20	900	1
199901	20	20	0	1
199902	20	20	0	1
199907	160	20	140	1
199908	20	20	0	1
199910	40	40	0	2
199911	40	40	0	2
200003	1820	60	1760	3
200005	1840	40	1800	2
200007	920	20	900	1
200008	340	580	-240	1
200009	220	480	-260	1
200011	1840	40	1800	2
200102	1840	60	1780	3
200103	1960	280	1680	2
200105	1810	50	1760	2
200106	810	110	700	1
200107	1880	60	1820	2
200108	530	420	110	1
200109	3540	830	2710	7
200110	1650	410	1240	4
200111	920	120	800	5
200201	1880	40	1840	2
200203	1470	410	1060	3
200205	520	1220	-700	1
200207	1560	980	580	2
200208	3230	290	2940	3
200209	960	60	900	1
200210	3090	985	2105	4
200211	1980	2380	-400	7
200212	1470	390	1080	2
200301	2000	2340	-340	4
200302	920	20	900	1
200303	2120	480	1640	2
200304	2490	510	1980	4
200305	2980	420	2560	8
200306	1490	250	1240	2
200307	3915	2250	1665	12
200308	1320	660	660	2
200309	1350	1200	150	5
200409	1240	320	920	1
200410	240	940	-700	1
200501	480	740	-260	1
200505	780	170	610	1
200507	1420	640	780	2
200508	1000	500	500	1
200511	260	920	-660	1
200512	600	320	280	1
200601	3140	1640	1500	5
200602	2650	530	2120	3
200603	960	160	800	1
200604	2440	3990	-1550	5
200606	760	370	390	1
200607	950	900	50	2

Føresetnad:

- 1) Lommemannen har hatt base Bergen og
- 2) han har hatt base vekselvis i Bergen og Oslo.

Differansen mellom alternativa er positiv når delt base hadde vore mest økonomisk og negativ når Oslo er stipulert som base, men Bergen hadde vore eit meir økonomisk utgangspunkt

Vedlegg 3 Virkedagsdatoar i Oslo knytte til overgrep på Austlandet

turnr	t/r Bergen	startdato	1. overgrepstid	1. overgrepsstad	Oslo dato	dag i O
2	920	03.03.1995	18:30	Ruinparken	03.03.1995	fredag
5	920	08.01.1996	15:00	Majorstua	08.01.1996	måndag
6	920	04.05.1997	13:00	Ravnkollbakken	02.05.1997	fredag
7	920	12.09.1998	15:30	Ruinparken	11.09.1998	fredag
9	920	11.03.2000	12:00	Stovner	10.03.2000	fredag
11	920	01.05.2000	13:30	Ekeberg	01.05.2000	måndag
12	920	26.05.2000	.	Romsås	26.05.2000	fredag
13	920	10.11.2000	08:00	Holmlia	10.11.2000	fredag
15	920	10.02.2001	17:00	Veitvet	09.02.2001	fredag
16	920	23.02.2001	19:00	Lindeberg	23.02.2001	fredag
18	920	23.03.2001	17:41	Bøler	23.03.2001	fredag
19	890	11.05.2001	13:09	Snarøya	11.05.2001	fredag
20	810	02.06.2001	.	Hønefoss	01.06.2001	fredag
22	530	25.08.2001	16:00	Røn	24.08.2001	fredag
23	960	02.09.2001	18:05	Kongsberg	31.08.2001	fredag
24	1060	08.09.2001	16:45	Moss	07.09.2001	fredag
25	890	15.09.2001	19:30	Drammen	14.09.2001	fredag
26	630	21.09.2001	.	Sanderstølen	21.09.2001	fredag
27	670	05.10.2001	16:30	Leira	05.10.2001	fredag
28	980	28.10.2001	14:00	Oppegård	26.10.2001	fredag
30	920	05.01.2002	16:45	Bærums verk	04.01.2002	fredag
35	800	07.07.2002	15:05	Tønsberg	05.07.2002	fredag
38	920	25.08.2002	.	Sognsvann	23.08.2002	fredag
39	960	08.09.2002	12:50	Skedsmokorset	06.09.2002	fredag
40	1220	05.10.2002	15:00	Moelven	04.10.2002	fredag
42	1220	18.10.2002	20:30	Moelven	18.10.2002	fredag
46	920	20.12.2002	16:00	Ellingsrud	20.12.2002	fredag
47	550	30.12.2002	18:00	Gol	30.12.2002	måndag
48	980	11.01.2003	16:49	Lørenskog	10.01.2003	fredag
52	920	01.02.2003	17:25	Røa	31.01.2003	fredag
53	1000	15.03.2003	17:00	Sandefjord	14.03.2003	fredag
54	1120	29.03.2003	15:30	Fredrikstad	28.03.2003	fredag
55	940	05.04.2003	10:00	Drøbak	04.04.2003	fredag
57	1000	26.04.2003	12:00	Nittedal	25.04.2003	fredag
58	940	02.05.2003	18:00	Drøbak	02.05.2003	fredag
59	940	10.05.2003	.	Røyken	09.05.2003	fredag
61	1140	04.07.2003	20:00	Gol	04.07.2003	fredag
63	690	19.07.2003	13:30	Geilo	18.07.2003	fredag
64	1170	25.07.2003	.	Sarpsborg	25.07.2003	fredag
65	400	15.08.2003	21:00	Lærdal	15.08.2003	fredag
66	920	23.08.2003	15:00	Grorud	22.08.2003	fredag
71	780	28.05.2005	.	Vikersund	27.05.2005	fredag
72	460	29.07.2005	20:45	Vang	29.07.2005	fredag
73	1000	07.08.2005	12:00	Skien	05.08.2005	fredag
76	830	14.01.2006	19:00	Jevnaker	13.01.2006	fredag
78	620	27.01.2006	19:30	Bø	27.01.2006	fredag
78	800	28.01.2006	15:30	Hønefoss	27.01.2006	fredag
80	900	20.02.2006	.	Lillehammer	20.02.2006	måndag
81	830	25.02.2006	16:30	Jevnaker	24.02.2006	fredag
82	960	18.03.2006	17:00	Kongsberg	17.03.2006	fredag